



Bygging i Ospelunden har vore igang ei tid, men ikkje i stort omfang

Den tekniske planleggjinga av Ospelunden bustadfelt, det største til no i Uskedalen, pågår. Eit tema i det siste møtet i kommunen var fortau som er planlagt fram til avkøyring til veg B. Det er ikkje planlagt fortau fram til avkøyring til veg F, som har vore eit ynskje frå tekniske tenester. Dei er likevel positive til dette hvis breidde på vegen fram til veg F vert 5 meter

* Det er planlagt vassmagasin i søraustre del av planområdet og det kan vera aktuelt at dette strekkjer seg utover plangrensa

* Miljøstasjonar er føreslegne og tekniske tenester er fornøgde med plasseringane.

* Tekniske tenester overtek avløp ned til minst 2 bustader.

' Under møtet vart det drøfta problem med trykk i øvre deler og det vart drøfta installasjon av trykkpumper i di 5 øvste husa

' Røyr som eksisterer er ikkje store nok til å ta unna alt overvatn. Ved vidare utbygging utover trinn 1 må nye ordningar til, til dømes eit nytt røyr parallelt med det ekisterande. Når overvatnet no dimensjonerast må det bli 600 millimeter for heile feltet.

Av Ola Matti Mathisen